

Charta Oecumenica

Takt og tone for samarbeid i Norges kristne råd

Forord

Charta Oecumenica er et unikt dokument om forpliktelse til gjensidig respekt og samarbeid mellom europeiske kirker. Det har fått tilslutning fra så vel ortodokse som katolikker og protestanter, og dermed samler det så godt som hele den europeiske kristenhet.

Kirkelig enhet og fellesskap handler ikke bare om hva en er enige om eller om hvilke felles strukturer en har. Det handler ikke minst også om hvordan vi omgås hverandre og hvordan vi ser på hverandre – med andre ord hvilke holdninger vi har til hverandre. I charteret sies det at det er skrevet "for å fremje ein økumenisk kultur for samtale og samarbeid på alle nivå i kyrkjelivet, og å gje ei sams rettesnor for dette."

Charta Oecumenica er mer et redskap for fortsatt arbeid enn et sluttdokument. Den ortodokse teologen Grigorios Larentzakis sa det slik: "Det er ikke noe perfekt dokument, det kan forandres og forbedres, men det er de europeiske kirkefamilienes felles verktøy for utvidet samarbeid og fellesskap". Derfor er det et viktig steg på veien mot et sterkere uttrykk for vår enhet i tro og tjeneste.

"Me takkar vår treeinige Gud som leier oss mot ein stendig djupare fellesskap gjennom sin Heilage Ande," sies det i innledningen til charteret. "Med evangeliet ynskjer me å forsvare mennesket som skapt i Guds bilete, og saman som kyrkjer hjelpe til å forsone folk og kulturar."

Denne utgaven av Norges kristne råds skriftserie utgis i samarbeid med Mellomkirkelig Råd i Den norske kirke. Den kommer ut i forkant av Konferansen av Europeiske Kirkers Generalforsamling i Trondheim i månedsskiftet juni/juli i år, og kan ses som et ledd i forberedelsene til dette arrangementet. Samtidig utfordrer dokumentet langt ut over disse forberedelsene. Det har vi forsøkt å gi uttrykk for gjennom å trykke dokumentet "Takt og tone for samarbeid i Norges kristne råd" i samme hefte. Sistnevnte er en norsk konkretisering av anliggender i Charta Oecumenica.

Vi anbefaler dette heftet til studium og bønn i norske kirkesamfunn og menigheter.

Oslo, februar 2003

Olav Fykse Tveit, Generalsekretær, Mellomkirkelig Råd for Den norske kirke
Ørnulf Steen, Generalsekretær, Norges kristne råd
Finn Wagle, Preses, Bispemøtet i Den norske kirke

Charta Oecumenica

Retningslinjer for å styrkje samarbeidet mellom kyrkjer i Europa

Charta Oecumenica er oversatt til norsk av Joar Haga

“Lova vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande”

Konferansen av europeiske kyrkjer (KEK) og Rådet for europeiske bispekonferansar (CCEE)¹ er førebudde til å ta vare på og utvikle fellesskapet som har vakse fram mellom oss, - i samsvar med den bodskapen som kom frå dei to økumeniske samlingane i Basel (1989) og Graz (1997). Me takkar vår treeinige Gud som leier oss mot ein stendig djupare fellesskap gjennom sin Heilage Ande.

Ulike former for økumenisk samarbeid har alt vist seg å vere fruktbare. Kristi bøn er: “...at dei alle må vere eitt, liksom du, Far, er i meg og eg i deg. Slik skal dei òg vere i oss, så verda skal tru at du har sendt meg.” (Joh 17,21). Dersom me er trufaste mot denne bøna, kan me ikkje seie oss nøgde med den noverande stoda. Me er medvitne om skulda vår og vil vende om: Me må trå etter å overvinne det som framleis splittar oss, slik at me i fellesskap truverdig kan forkynne evangeliet for alle menneske.

Gjennom å lytte til Guds ord i Den heilage Skrifta saman, ved å verte utfordra til å vedkjenne den felles trua vår og ved å handle saman etter sanninga som me har erfart, ynskjer me å vitne om kjærleiken og håpet for alle menneske.

Europa – frå Atlanterhavet til Uralfjella, frå Nordkapp til Middelhavet – er i dag meir pluralistisk enn nokon gong. Med evangeliet ynskjer me å forsvare mennesket som skapt i Guds bilete. Vi vil stå saman som kyrkjer for å hjelpe til å forsone folk og kultur.

Med denne forståinga set me opp dette charteret som ei felles forplikting for samtale og samarbeid. Det skildrar grunnleggjande økumeniske oppgåver og utmynter ei rekkje forpliktingar. Charteret er skriva for å fremje ein økumenisk kultur for samtale og samarbeid på alle nivå i kyrkjelivet, og for å gje ei sams rettesnor for dette. Men det har ikkje nokon særmerkt dogmatisk eller læremessig profil, og det har heller ikkje kyrkjerettsleg status. Charteret sin autoritet kviler på friviljug tilslutning frå europeiske kyrkjer og økumeniske organisasjonar. Ved å byggje på denne grunnteksten, kan dei formulere sine eigne lokale tillegg som kan møte deira eigne utfordringar og føre til trufast samarbeid lokalt.

¹ Så nær som alle ortodokse, protestantiske, anglikanske, gamal-katolske og uavhengige kyrkjer i Europa høyrer til Konferansen av Europeiske Kyrkjer (KEK). Alle romersk-katolske bispekonferansar i Europa er representerte i Rådet for europeiske bispekonferansar i Europa (CCEE).

I

ME TRUR PÅ "EI HEILAG ÅLMENN OG APOSTOLISK KYRKJE"

"Legg vinn på å vera eitt i Anden, i den fred som bind saman: Ein lekam, ein Ande, liksom de fekk ei von då de vart kalla, ein Herre, ei tru, ein dåp, ein Gud og Far for alle, han som er over alle, gjennom alle og i alle." (Ef. 4, 3-6)

1. Kalla saman til einskap i trua

Med Jesu Kristi evangelium, slik det er vitna om i Skrifta og slik det er uttrykt i den økumeniske Nikensk-konstantinopolitanske truedkjeninga frå 381, trur me på den treeinige Gud: Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. Sidan me her vedkjenner "ei, heilag, katolsk og apostolisk kyrkje" er den viktigaste økumeniske oppgåva vår å gjere denne einskapen synleg, ein einskap som alltid er ei gåve frå Gud.

Grunnleggjande skilnadar i trua hindrar framleis ein synleg einskap. Det finst ulike syn både på kyrkja og einskapen i kyrkja, og på sakrament og embete. Me må ikkje seie oss nøgde med denne situasjonen. Jesus Kristus openberra både kjærleiken hans og forsoningsmysteriet for oss på krossen. Me fylgjer han og ynskjer å gjere vårt ytterste for å overvinne problema og hindringane som framleis splittar kyrkjene.

Me skuldar

- å fylgje den apostoliske formaninga i brevet til Efeserane, og å vere uthaldande i å søkje ei sams forståing av Kristi bodskap av frelse i evangeliet
- i Den Heilage Andes kraft, å arbeide for synleg einskap i Jesu Kristi kyrkje i den eine trua, slik det vert uttrykt i gjensidig godkjenning av dåpen, i nattverdfellesskap, samt i felles vitnesbyrd og teneste.

II

PÅ VEG MOT SYNLEG FELLESSKAP FOR KYRKJENE I EUROPA

“På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre” (Joh. 13,35)

1. Å forkynne evangeliet saman

Ei sams forkynning av evangeliet – i både ord og gjerning – til frelse for alle er den viktigaste oppgåva til kyrkjene i Europa. Den store mangelen på orienteringspunkt, framandgjering av kristne grunnverdiar, – men òg søking etter meining på mange vis – utfordrar kristne til å vitne om trua si. Denne utfordringa vil kreve forsterka interesse til å undervise i kristen tru (t.d. opplæring i katekisma) og pastoral omsorg i dei lokale kyrkjelydane, samt ei utveksling av erfaringar på desse områda.

Samstundes er det like viktig at heile gudsfolket i fellesskap gjer kjent evangeliet i det offentlege rommet, noko som òg fører med seg sosial innsats og politisk ansvar.

Me skuldar

- å drøfte planane våre for evangelisering med andre kyrkjer, å inngå avtalar med dei og slik unngå skadeleg tevling som vekkjer harme og som risikerer nye splittingar;
- å erkjenne at kvart menneske fritt kan velje hans eller hennar religiøse og kyrkjelege identitet. Ingen kan føre nokon til å konvertere ved hjelp av moralsk press eller lovnad om materielle fordelar, men det tyder også at ein ikkje kan hindre nokon frå å konvertere dersom det er etter hans eller hennar frie vilje.

2. Å nærme seg kvarandre

I samsvar med evangeliet må me saman arbeide med soga til dei kristne kyrkjene. Ho har ofte vore prega av gode erfaringar, men også ved skisma, fiendskap og jamvel væpna konflikter. Menneskeleg skuld, mangel på kjærleik og stor misbruk av tru og kyrkje til politiske føremål har øydela svært mykje av truverdet åt det kristne vitnemålet. Økumenikk startar difor for dei kristne med fornying hjartene og vilje til bot og omvending. Forsoninga har vakse i den økumeniske rørsla.

Det er viktig å erkjenne dei andelege gåvene i ulike kristne tradisjonar, lære av kvarandre og på den måten få del i desse gåvene. Dersom den økumeniske rørsla skal bløme, er det naudsynt å integrere erfaringar og forventningar til unge menneske og oppmuntre til deira deltaking.

Me skuldar

- å overvinne kjensla av at den einskilde kyrkja er seg sjølv nok, og å eliminere fordommar; å søkje felles møtepunkt og vere klar til å hjelpe kvarandre;
- å oppmuntre til økumenisk open framferd og samarbeid innan kristen oppseding, teologisk utdanning, vidareutdanning og forskning.

3. Å handle saman

Ulike former for felles handling er alt økumeniske. Mange kristne frå forskjellige kyrkjer lever side om side i venskap, i nabolag, på arbeid og i familiane deira. Par som lever i interkonfesjonelle ekteskap bør særskilt støttast i dei daglege økumenisk erfaringane deira.

Me rår til at bilaterale og multilaterale økumeniske strukturar skal skapast og oppretthaldast for samhandling på lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nivå. På

det europeiske nivået er det naudsynt å styrkje samarbeidet mellom Konferansen av europeiske kyrkjer og Rådet for den europeiske bispekonferansen, og å gjennomføre fleire europeiske økumeniske samlingar.

Dersom det skulle oppstå konfliktar mellom kyrkjer, bør tiltak for fred og forhandlingar setjast i gang og få støtte der det er naudsynt.

Me skuldar

- å handle saman på alle nivå i kyrkjene, der kor tilhøva tillet dette, der det ikkje er imot trua, og der det ikkje er større praktiske hindringar i vegen;
- å forsvare minoritetane sine rettar og hjelpe til med å minske misforståingar og fordommar mellom majoritetskyrkjer og minoritetskyrkjer i våre land.

4. Å be saman

Den økumeniske rørsla lever ved at me saman høyrer Guds ord og lar Den Heilage Ande arbeide i oss og gjennom oss. Styrka av den nåde vi har teke imot søker ein ved mange ulike tiltak – gjennom bønoliv og gudsteneste – å fordjupe den andeleg fellesskapen mellom kyrkjene og be for den synlege einskapen i Kristi kyrkje. At vi ikkje kan ha nattverdfellesskap er eit særskilt smertefullt teikn på splittinga mellom mange kristne kyrkjer.

Nokre kyrkjer har reservasjonar mot å be saman i ein økumenisk kontekst. Like fullt har økumeniske gudstenester, felles songar og bønner – særleg Fadervår - prega vår kristne spiritualitet.

Me skuldar

- å be for kvarandre og for kristen einskap;
- å lære og setje pris på gudstenester og andre uttrykk for andeleg liv som vert praktisert i andre kyrkjer;
- å halde fast på at nattverdfellesskap er eit felles mål.

5. Å halde fram med samtale

Vårt fellesskap er grunna i Kristus. Det er grunnleggjande viktig å halde fast ved i møte med våre ulike teologiske og etiske standpunkt. I staden for å sjå dei ulike posisjonane som ein rikdom, tillet me at skilnadar i meiningar om lære, etikk og kyrkjeordningar splittar kyrkjene. Ofte spelte spesielle historiske tilhøve og ulik kulturell bakgrunn ei avgjerande rolle.

For å fordjupe den økumeniske fellesskapen, må tiltak for å oppnå semje i trusspørsmål halde fram. Utan einskap i trua er det ikkje noko fullt kyrkjefellesskap. Det finst ikkje noko alternativ til å halde fram å samtale.

Me skuldar

- å fortsetje i samvitsfulle, intensive samtalar på alle nivå mellom kyrkjene våre, samt å undersøkje korleis offisielle kyrkjestrukturar kan – og skal – ta imot og setje ut i livet resultatane som er nådde i samtalanane;
- når det oppstår usemje, særskild når splittinga trugar i spørsmål om tru og etikk, å kome saman og drøfte sakene i ljøs av evangeliet.

III

VÅRT FELLES ANSVAR I EUROPA

“Sæle er dei som skapar fred, for dei skal kallast Guds born” (Matt 5,9)

6. Å vere med på å byggje Europa

Gjennom sekler har det vakse fram eit – i religiøs og kulturell forstand – kristent Europa. Trass dette har dei kristne svikta i å hindre store ugjerningar og tragedier, både innanfor og utover Europa sine grenser. Me kjennest ved vår del av ansvaret for denne skulda og ber Gud og våre medmenneske om tilgjeving.

Trua vår hjelper oss å lære av fortida. Trua og kjærleiken til naboane våre gjev oss ei kjelde av håp. Det er eit håp som gjeld moral og etikk, utdanning, kultur og politikk, både i Europa og over heile verda.

Kyrkjene stør ei integrering av det europeiske kontinentet. Utan felles verdiar kan ikkje einskapen vare. Me er overtydde om at den andeleg arven i kristendommen er ei kraftkjelde til inspirasjon og rikdom for Europa. På grunnlag av den kristne trua vår vil me arbeide for eit menneskeleg og sosialt medvite Europa, prega av menneskerettar og dei grunnleggande verdiane fred, rettferd, fridom, toleranse, deltaking og solidaritet. På same måten leggjer me vekt på ærefrykt for livet, verdien av ekteskap og familie, særskilt innsats for fattige, vilje til å tilgje, og medkjensle i alle ting.

Som kyrkjer og internasjonale fellesskap må me motverke at Europa utviklar eit integrert vest og eit uintegrert aust, og akta på skiljet mellom nord og sør innanfor Europa. Samstundes må me hindre eurosentrisme og styrke Europa sitt ansvar for alle menneske, særskilt for dei fattige over heile verda.

Me skuldar

- å søkje semje om innhald og mål for vårt sosiale ansvar, og saman fremje kyrkjene sine saker og visjonar overfor dei sekulære institusjonane i Europa;
- å verje mot alle slags brot på grunnleggjande verdiar;
- å stå imot kvar freisting til å misbruke religion og kyrkje til etniske og nasjonalistiske mål.

7. Å forsone folk og kulturar

Me ser mangfaldet i våre regionale, nasjonale, kulturelle og religiøse tradisjonar som ein rikdom for Europa. I møte med dei mange konfliktane er kyrkjene kalla til ei forsoningsteneste mellom folk og kulturar. Me veit at fred mellom kyrkjene er eit viktig vilkår for dette.

Inspirert av evangeliet må me samarbeide om å vurdere og finne løysingar på politiske og sosiale spørsmål. Me forsvarer alle menneske sin absolutt like verdi, fordi kvart menneske er skapt i Guds bilete.

Som kyrkjer ynskjer me å sameine kreftene for å stø demokratiseringsprosessen i Europa. Me er opptekne av å opprette fredsstrukturar som er tufta på ikkje-valdeleg konfliktløysing. Me fordømmer alle former for vald mot menneske, særskilt mot kvinner og born.

Å arbeide for sosial rettferd innan og mellom alle folk høyrer også med til arbeidet for forsoning. Det gjeld framfor alt å minske gapet mellom rik og fattig, og få slutt på arbeidsløysa. Saman vil me gjere vårt for å gje innvandrara, flyktningar og asylsøkjara ei mottaking i Europa som er menneske verdig.

Me skuldar

- å arbeide mot alle former for nasjonalisme som leier til undertrykking av andre folkeslag og nasjonale minoritetar og å arbeide for ikkje-valdelege løysingar;
- å styrkje posisjonen og like rettar for kvinner på alle livsområde, og å oppmode til rettmessig samarbeid mellom kvinner og menn i kyrkje og samfunnsliv.

8. Å verne om skaparverket

I trua på kjærleiken frå Gud Skaparen takkar me for skapingsgåva, kor verdifull og vakker naturen er. Men me ser med skrekk på korleis naturressursane vert utnytta utan at deira eigenverdi eller grenser vert tillagt vekt, og utan at det vert teke omsyn til velferda for framtidige generasjonar.

Saman vil me hjelpe til med å skape varige livsvilkår for heile skaparverket. Det er vårt ansvar overfor Gud å bruke gode kriterier for å skilje kva menneske *kan* gjere i høve til forskning og teknologi og kva dei *ikkje burde* gjere i høve til etiske normer.

Me tilrår at dei europeiske kyrkjene utformar ein økumenisk dag med bøn for vern om skaparverket.

Me skuldar

- å utvikle ein livsstil som ikkje er prega av slaveri for økonomi og konsum, men som legg vinn på ansvarleg og bærekraftig livskvalitet;
- å stø kyrkjelege miljørørsler og økumeniske nettverk i deira ansvar for å verne om skaparverket.

9. Å styrke fellesskapet med jødane

Me er bunde saman i eit fellesskap utan sidestykke med det jødiske folket, dei som Gud har skipa ei evig pakt med. Trua vår lærer oss at våre jødiske systre og brør "er elska av Gud, for fedrane skuld. For Gud angrar ikkje på sine nådegåver og si utveljing" (Rom 11,28 – 29). Og "dei har barnekåret og Guds herlegdom, paktene og lova, tempeltenesta og lovnadane; deira er fedrane, og frå dei er Kristus komen som menneske" (Rom 9,4 – 5).

Me fordømmer alle uttrykk av anti-semittisme, og alle utbrot av hat og forfylgjing. Me ber Gud om tilgjeving for anti-jødiske haldningar mellom kristne, og me ber våre jødiske systre og brør om forsoning.

Det er særns naudsynt å gjere synleg dei djupe banda som er mellom den kristne trua og jødedommen. Det må skje i gudstenestene, og i læra og livet i kyrkjene våre. Me må stø samarbeidet mellom kristne og jødar.

Me skuldar

- å øve motstand mot alle former for anti-semittisme og anti-jødiske straumar i kyrkja og i samfunnet;
- å forsterke samtalen med våre jødiske systre og brør på alle nivå.

10. Å utvikle kontakten med islam

Muslimane har budd i Europa gjennom fleire hundre år. I mange europeiske land utgjer dei store mindretal. Sjølv om det har vore og er mykje god kontakt og godt naboskap mellom kristne og muslimar, er framleis sambandet prega av sterke atterhald og fordomar på begge sider. Dette kjem av smertelege erfaringar opp gjennom saga og i nyare historie.

Me ynskjer å forsterke møtet mellom kristne og muslimar, og oppmodar til kristen-muslimsk samtale på alle nivå. Me rår særskilt til at ein talar med kvarandre om vår felles tru på den eine Gud, og klargjer idéar om menneskerettane.

Me skuldar

- å vise respekt i møte med muslimar;
- å samarbeide med muslimar i saker me har felles med dei.

11. Å møte andre religionar og verdssyn

Mangfaldet av religiøse og ikkje-religiøse syn på tru og livsførsel har etterkvart vorte eit kjennemerke for europeisk kultur. Austlege religionar og nye religiøse fellesskap spreier seg. Også mange kristne syner interesse for desse. I tillegg vender mange menneske seg bort frå den kristne trua, dei overser henne eller har andre livsfilosofiar.

Me ynskjer å ta kritikk frå andre alvorleg og søkje å ha gode ordskifte med dei. Men det er naudsynt å skilje mellom fellesskap som ein ynskjer å møte i open samtale, og fellesskap som ein frå ein kristen ståstad bør åtvare mot.

Me skuldar

- å stadfeste religionsfridom og samvitsfridom til menneske og fellesskap, og forsvare deira rett til å praktisera trua si eller overtydingane sine, både som individ og som gruppe, privat eller offentleg innanfor gjeldande rettspraksis;
- å vere opne for samtale med alle personar av god vilje, å gå vidare i saker med ålmenn interesse, og å vitne om den kristne trua vår for dei.

Jesus Kristus, den eine kyrkja sin Herre, er vår største von om forsoning og fred. I namnet hans ynskjer me å fortsetje vår felles veg i Europa. Me ber om Guds leiing i krafta frå Den Heilage Ande.

“Men Gud, som gjev von, han fyller oss med all glede og fred i trua, så me kan vera rike på von ved Den Heilage Andens kraft.” (Rom 15,13)

Som presidentar for Konferansen av europeiske kyrkjer og Rådet for den europeiske bispekonferansen, tilrår me at dette Charta Oecumenica vert ein grunntekst for alle kyrkjene og bispekonferansane i Europa og vert teke opp og tilpassa i kvar lokal samanheng.

Med dette rådet underteiknar me Charta Oecumenica, under Det europeiske økumeniske møtet, fyrste søndag etter fellesfeiringa av påsken 2001.

Strasbourg, 22. april 2001

Metropolitt Jérémie
President, Konferansen av europeiske kyrkjer

Kardinal Vlk
President, Rådet for den europeiske bispekonferansen

Takt og tone for samarbeid i Norges kristne råd

Vedtatt av styret i Norges kristne råd 29.05.02

1. Norges kristne råds formål er å fremme forståelse for økumenikk lokalt og nasjonalt mellom kirker, samfunn, organisasjoner og menigheter både innenfor og utenfor rådet. Norges kristne råd er et samarbeidsorgan for kirker i Norge.
2. Vårt økumeniske samarbeid bygger på den felles tro og vitnesbyrd om den treenige Gud åpenbart som Skaper, Frelser og Fornyer, Fader, Sønn og Ånd. Vårt økumeniske arbeid har Jesus Kristus og budskapet om Ham i sentrum. Vi ønsker å bringe et felles vitnesbyrd om Jesus - for at verden skal tro på ham. Økumenisk arbeid innebærer også et aktivt ønske om å forstå hverandre og komme fram til bredest mulig enighet i teologiske og kirkelige spørsmål. Til dette arbeidet kommer vi som likeverdige parter.
3. Økumenisk samarbeid bygger på gjensidig respekt for hverandre som kristne kirker. Dette innebærer respekt for teologiske læreforskjeller. Økumenisk samarbeid og samhandling innebærer derfor ikke en anerkjennelse av alt i den andres teologi som "den rette lære".
4. I vanskelige teologiske og kirkelige spørsmål, søker vi gjennom en åpen samtale, å forstå hverandres standpunkter og tolkningen av Guds Ord. Markering av teologisk uenighet er en del av vår kirkeøkumeniske samarbeid.
5. I kirkeøkumenisk samarbeid respekterer vi de ledere et kirkesamfunn har valgt.
6. Et økumenisk samarbeid med personer eller kirker med en annen teologi enn oss selv, innebærer ikke at vi svekker vår egen teologi og overbevisning eller anerkjenner den andres som fullt ut "rett og sann".
7. Vårt økumeniske fellesskap bygger på at vi har et gjensidig ansvar for hverandre. Det betyr at vi er villige til å stå til rette for hverandre, og at vi til en hver tid søker å være åpne og etterrettelige i vårt samarbeid (mutual accountability).
8. Vårt økumeniske arbeid har som mål å forene kirker, ikke å splitte dem. Vårt arbeid skal ikke brukes til å bekrefte kirkesplittelser, snarere ønsker vi å være åpne for dialog med nyetablerte kirker slik at økumenisk arbeid kan favne så bredt som mulig og søke å forene kirker bredest mulig.
9. I vårt land lever to ulike kirkeforståelser side om side; det territoriale kirkesyn og et kirkesyn som forutsetter en personal og individuell tilslutning. Vi bekrefter alle kirkers legitime rett til å evangelisere uavhengig av kirkesyn. Formålet med evangelisering skal ikke være å svekke eller bryte menneskers bånd til sin kirke, men å forkynne evangeliet om frelse i Jesus Kristus. Slik ønsker vi å sette grensen mellom legitim evangelisering og illegitim proselyttisme.
10. Vi tar avstand fra uærlig evangelisering, forkynnelse og informasjon som innebærer:
 - en fremhevelse av et idealbilde av eget kirkesamfunn og en negativ beskrivelse av andre kirkers liv og praksis.
 - sterk psykisk påvirkning og press som benyttes for å få mennesker til å bryte med egen kirke for å bli medlem i en annen menighet.
11. Når en person ønsker å melde seg inn i et kirkesamfunn, anbefales den mottakende kirke å forsikre seg om at vedkommende ikke er medlem av annet samfunn eller sørge for at dette medlemskapet opphører. Vi oppfordrer til gode rutiner i alle kirker

ved kirkelige handlinger som involverer personer med ulik kirketilknytning. I slike tilfeller anbefaler vi et samarbeid mellom de involverte kirkesamfunn.

Med disse punkter har vi utdypet hva vi forstår ved å anerkjenne hverandre som kristne kirker og hvilken forpliktelse vi tar på oss når vi går inn i et økumenisk samarbeid.